

Fløssvika Utvikling AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7722 - 21/63477

Saksbehandlar:
Kjell Rune Standal
kjell.rune.standal@alver.kommune.no

Dato:
23.09.2021

Vedtak og utsending av matrikkelbrev for gbnr 195/235

Viser til motteken rekvisisjon av oppmålingsforretning den 28.04 2021 over gbnr. 195/235. I epost den 22.09 2021 vert det søkt om utsetjing av oppmålingsforretning der ein vil venta med oppmåling til tomtane er etablert.

Søknad om oppretting av ny matrikkeleining er behandla etter plan og bygningslova og er godkjend i sak 803/21 datert 03.09. 2021. Det vert no gjort slikt vedtak etter matrikkellova:

Vedtak:

Me viser til matrikkellova § 6 andre ledd og forskrift til matrikkellova § 25 pkt. 2, og godkjenner søknaden om oppretting av matrikkeleining før oppmålingsforretning er fullført.

Eigedomen er tildelt gbnr 195/253.
Frist for fullført oppmålingsforretning vert sett til 23.09. 2023

Ny matrikkeleining gbnr 195/253 er nå oppretta og tinglyst.

Vedlagt fylgjer matrikkelbrev over gbnr 195/253.

Eit matrikkelbrev er ei utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysningar om ei matrikkeleining (eigedom) ved oppgitt dato. Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom. Sjå www.kartverket.no for meir informasjon om matrikkelen.

Det kan no skrivast skøyte på eigedomen. Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket Tinglysing, pb. 600 Sentrum, 3507 Hønefoss.» Ein gjer merksam på at skjema for eigefråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/kjøp av fast eigedom må fyllast ut av kjøpar og leverast kommunen for registrering i matrikkelen før skøytet kan tinglysast.

Eigedomen er å finna på www.seiendom.kartverket.no og www.nordhordlandskart.no

For evt. spørsmål kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 97603544 eller epost kjell.rune.standal@alver.kommune.no

Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, jf. matrikkellova §46.

Klage skal stilast til Statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjell Rune Standal
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

195_253_matrikkelbrev

Mottakarar:

Fløssvika Utvikling AS

Alvervegen 25

5911

ALVERSUND